



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Utgreiing om kommunal overtaking av fotballbanar og skianlegg i Vinje kommune

Vedlegg

- 1 Uttale knytt til overtaking av fotballbane og skianlegg fra IL Dyre Vaa til Vinje kommune
- 2 Uttale Vinje IL april 2025.pdf
- 3 04-25 Uttale knytt til budsjettvedtak for 2025 IL Rein.pdf
- 4 Uttale knytt til budsjettvedtak for 2025 - vurdere overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til Vinje kommune

Dokument i saka

Bakgrunn

Vinje kommunestyre vedtok i budsjettsak 17.12.2024 under punkt 17 utgreiing av kommunal overtaking av idrettsanlegg.

Administrasjonen har lagt opp til følgande medverknad og prosess for underlag til denne utgreiinga. Idrettslaga i kommunen vart tilskrive tidleg i mars 2025 med frist for attendemelding 10. april 2025. Innspill frå laga vart seinare handsama i idrettsrådet der samtlege idrettslag møter jamleg.

Utdrag frå brevet frå kommunen 03.03.25 lyder slik;

Kommunestyret ber administrasjonen presentere ei sak i løpet av 2025 som vurderer overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til kommunen.

På bakgrunn av dette ynskjer administrasjonen at idrettslaga gjer ei vurdering/handsaming i laga om korleis dei stiller seg til ei kommunal overtaking av fotballbanar og skianlegg som idrettslaga eig. Det er ynskjeleg med eit innspel som er godt grunna og som tydeleg synar idrettslagas vurdering.

Vedtaket i kommunestyre seier ikkje noko om omfang av skianlegg men følgande anlegg blir her lagt til grunn:

Edland fotballbane – banen ligg ved skulen, IL Rein

Edland skianlegg – Sundflaten ljosløype og skianlegg, IL Rein

Åmot fotballbane – banen ligg ved skulen, Vinje IL

Åmot skianlegg – Brubakk, Vinje IL

Rauland fotballbane og ballbinge – banen ligg ved skulen, IL Dyre Vaa

Rauland skianlegg – Rulleskiløypa med tilhøyrande ljosanlegg og ljosløype øvre og nedre del, IL Dyre Vaa

Øyfjell skianlegg – ljosløype Øyfjell, IL Dyre Vaa

Om det er andre anlegg dykk meiner også fell inn under vedtaket til kommunestyret, og bør takast med i ei vurdering, så er det fullt mogeleg å ta med desse.

Vurderinga/handsaminga frå laga kan sendast på e.post til postmottak@vinje.kommune.no og merkast med: overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til Vinje kommune Frist for attendemeldinga til kommunen er 10. april.

Idrettsrådet i Vinje hadde møte 28.04.2025 og fatta følgande vedtak:

Sak 12.1 Gjere vedtak på budsjettvedtak frå 17.12.24 som gjeld kommunal overtaking av fotballbane og skianlegg som i dag er eigd og drifta av idrettslaga. - Vinje Idrettsråd stiller seg positive til at Vinje kommune overtek fotballbanar og skianlegg som i dag er eigd og drifta av idrettslaga. Samstundes ber idrettsrådet om eit møte med administrasjonen for å sjå på korleis eigarskap, drift og bruk av anlegga bør organiserast.

Vurdering

Samanstilling av innspel

IL Rein – skianlegget Sundflaten – avtale mellom grunneigar og IL Rein

Laget peikar på utfordringar knytt til utvikling, vedlikehald og drift av skianlegget og at det fell mykje arbeid på få personar. Ynskjer å nytte meir av tida på tilskiping av aktivitetar enn på

dugnadarbeid og drift av anlegget. Laget ser positivt på eit kommunalt engasjement på driftssida i skianlegget men er opptekne av at ambisjonsnivået for anlegget vert ivareteke.

IL Rein – fotballbanen – Vinje kommune er eigar av grunn

Laget ser for seg at kommunen i større grad tar ansvar for banen når det gjeld større rehabiliteringar og bygging. IL Rein ser for seg å vår og haustdugnad for klargjering og stenging av banen. Banen er dessutan mykje i bruk av skulen og aktivitet knytt til skuleverksemda.

Vinje IL – fotballbanen – Vinje kommune er eigar av grunn

Laget er positive til at kommunen overtek ansvar og eigarskap for drift og vedlikehald av banen. Også Vinje IL peikar på trongen for å nytte ressursar i laget til aktivitetar framfor omfattande administrasjon og vedlikehaldsoppgåver knytt til anlegget ved skulen og Vinjehuset. Anlegget er er i tillegg mykje bruka av kommunen sjølve i regi av skulen.

Vinje IL – Skianlegg – Brubakk -private avtaler

Laget peikar på at dagens anlegg er ute av drift og at arbeide med nytt anlegg har pågått ei stund med mulighetsstudie i samarbeid med Sweco. Vinje IL meiner at dagens ljosløype er ueigna som framtidig ljosløype og syner til mange argument kring dette.

Dyre Vaa – fotballbane – Vinje kommune er grunneigar

Laget peikar på utfordringar med vedlikehald og dugnad på banen. Granulat og nytt regelverk krever at dette vert håndtert på ein forsvarleg måte frametter. Også Dyre Vaa peikar på at skulen er ein stor brukar og at ansvaret for anlegget bør vere kommunalt. Laget er positiv til kommunal overtaking men ynskjer involvering i framtidige tiltak.

Dyre Vaa – skianlegget i Rauland og Øyfjell – private avtaler

Når det gjeld skianlegga etterlyser laget meir informasjon om kva kommunen ser for seg i høve kommunal overtaking og drift.

Faglege vurderingar frå teknisk drift og infrastruktur

TDI ser heilt klart ein del utfordringar knytt til drift av lag og foreiningar og deira aktivitetar. Antal innbyggjarar i organisert idrett er stadig fallande og utfordringane for idrettslaga blir store når det er få medlemmer å dele ulike oppgåver på. Sjølv om ein del av utbyggingane og investeringar fører med seg lettare drift og vedlikehald så har truleg ambisjonsnivået med større anlegg tatt noko av denne gevinsten. Det er kostbart å leige personell til elektriske anlegg, beitepuss, skogrydding og ikkje minst miljøsanering på fotballbanar.

Det er likevel noko utfordrande å legge fleire oppgåver på kommunen som ikkje er lovpålagte. I tillegg er det viktig å legge til rette for mest mogleg sambruk og fysisk aktivitet slik at anlegga kan dekke behov for mange interesser uavhengig av alder og ambisjonsnivå.

Dei tre fotballbanane som er drøfta i saka er fornuftig at blir overtatt av kommunen. Det er særleg på grunn av utfordringar knytt til drift av anlegget herunder spreiring av mikroplast og ein meir profesjonell bygging og rehabilitering når anlegga er modne for fornying. Anlegga er som alle idrettslaga peikar på mykje i bruk av skulane i dei respektive sentra og fritidsbruken utanom organisert idrett er monaleg.

Når det gjeld skianlegg tilrår ein å vurdere desse ved seinare høve. Både IL Rein og Dyre Vaa har relativt nye skianlegg som er påkosta monaleg dei siste åra. Nye ljosanlegg, omfattande anleggsarbeid for bygging av nye løyper tilpassa moderne løypemaskiner har vonaleg ført til noko redusert behov for dugnadsarbeid. Dei neste tiåra kan ein truleg hauste gevinsten av dette. Når det gjeld Vinje IL og skigruppa ser det ut som at ambisjonsnivået er noko mindre og at eit ljosløypeanlegg for dei minste ved Groven-jordet er det mest realistiske. Syner elles til vedlegget frå Vinje IL.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune overtek eigarskap til idrettsanlegga knytt til skulane i Åmot, Edland og Rauland. Kommunedirektøren kjem attende med ei budsjettsak til hausten for å utarbeide ein tilstandsrapport med anbefalte investeringar og framdrift for dette samt konsekvensar for kommunal drift.